

# Arkeologiske utgravingsrapporter fra Fornminneseksjonen



## Askeladden id. 122269

Sperre, Gnr 155/Bnr 4, Ålesund k., Møre og Romsdal

**Busetnadsspor frå førromersk jernalder på Sperre 1**

av Trond Eilev Linge og Lotte Carrasco

Rapportnr. 5 - 2016



---

UNIVERSITETSMUSEET I BERGEN  
AVDELING FOR KULTURHISTORIE  
FORNMINNESEKSJONEN





<b>Fylke</b>	Møre og Romsdal
<b>Kommune</b>	Ålesund
<b>Gårdsnavn</b>	Sperre
<b>G.nr./b.nr.</b>	155/4
<b>Prosjektnavn</b>	Sperre 1
<b>Prosjektnummer</b>	473
<b>Kulturminnetype</b>	Busetnads- og aktivitetsområde
<b>Lokalitetstidspunkt</b>	
<b>Lokalitetstidspunkt (Oppgitt)</b>	
<b>ID nr. (Askeladden)</b>	122269
<b>Tiltakshaver</b>	Brødrene Sperre as
<b>Ephortenummer</b>	
<b>Ephortenummer</b>	2013/6461
<b>Saksbehandler</b>	Trond Eilev Linge
<b>Intrasisnummer</b>	UM_2015_013
<b>Aksesjonsnummer</b>	2015/76
<b>Museumsnummer (B/BRM)</b>	B17748
<b>Fotobasenummer (Bf)</b>	Bf10099
<b>Tidsrom for utgraving</b>	26.05-19.06.15
<b>Prosjektleder</b>	Trond Eilev Linge
<b>Rapport ved:</b>	Trond Eilev Linge og Lotte Carrasco
<b>Rapport dato:</b>	15.12.16



## **Innhald**

1. Bakgrunn.....	s. 1
2. Andre funn og registrerte kultuminner i området.....	s. 2
3. Registreringa.....	s. 3
4. Topografi og landskap.....	s. 3
5. Problemstilling og målsetting.....	s. 6
6. Tidsrom og deltakarar.....	s. 6
7. Formidling og media.....	s. 6
8. Metode og kjeldekritiske tilhøve..... Kjeldekritikk.....	s. 6 s. 7
9. Framgangsmåtar og undersøkingsstrategiar.....	s. 8
10. Resultat frå undersøkinga.....	s. 9
10.1 Husområde 1.....	s. 11
10.1.1 Grøfter og vegggrøfter.....	s. 12
10.1.2 Stolpehol.....	s. 15
10.1.3 Andre strukturar i tilknyting til husområde 1.....	s. 21
10.1.4 Pollenbotaniske analyser frå to stolpehol.....	s. 23
10.1.5 Oppsummering husområde 1.....	s. 23
10.2 Husområde 2 .....	s. 24
10.2.1 Grøft.....	s. 24
10.2.2 Stolpehol.....	s. 26
10.2.3 Rest av indre romdeling? .....	s. 35
10.2.4 Andre stolpehol.....	s. 36
10.2.5 Pollenbotaniske analyser frå tre stolpehol.....	s. 36
10.2.6 Oppsummering av husområde 2.....	s. 37
10.3 Groper og andre strukturar i sørlege delen av feltet.....	s. 37
10.4 Fossile dyrkingslag.....	s. 38
10.5 Gjenstandsfunn.....	s. 41
11. Samanfattande diskusjon og tolking.....	s. 44
Litteratur.....	s. 45

## Vedlegg:

- Vedlegg 1. Botanisk rapport
- Vedlegg 2. Strukturliste
- Vedlegg 3. Fotoliste
- Vedlegg 4. Liste over vitskapelege prøver
- Vedlegg 5. Liste over teikningar
- Vedlegg 6. Treartsrapport
- Vedlegg 7. Dateringsresultat
- Vedlegg 8. Tilvekst

## Figurliste:


<b>Figur 1</b> Oversiktskart over Sunnmøre med Sperre markert med blått punkt.....	.s. 1
<b>Figur 2</b> Askeladden id. 122269 og andre kulturminne i nærliken. Kart fra askeladden.ra.no.....	.s. 3
<b>Figur 3</b> Planteikningar frå registreringsrapporten relatert til sjaktene.....	.s. 4
<b>Figur 4</b> Sperre ligg om lag midt på sørsida av Ellingsøya.....	.s. 5
<b>Figur 5</b> Flyfoto frå 1968 viser området med strandsone før den store utbygginga av fabrikk og kai på utfylt område. Dagens situasjon er lagt på som eit svakt gjennomsynleg lag.....	.s. 5
<b>Figur 6</b> Foto av området sett mot sør før avdekking.....	.s. 8
<b>Figur 7</b> Foto frå avslutninga av feltarbeidet. Biletet er teke med fotostang mot sør. Det arbeidast ved husområde 2 og området med groper sør for dette.....	.s. 9
<b>Figur 8</b> Oversikt over avdekka område med strukturar.....	.s. 10
<b>Figur 9</b> Grøfter i tilknyting til husområde 1. Oransje: innmålt som veggrøft, gule: innmålt som grøft.....	.s. 11
<b>Figur 10</b> Tre snitt gjennom struktur 2AV1008.....	.s. 12
<b>Figur 11</b> Snitt gjennom 2AV968 og 2AV930. NB! Merk dei ulike målestokkane.....	.s. 13
<b>Figur 12</b> Oversikt over husområde 1.....	.s. 14
<b>Figur 13</b> Forslag til rekonstruksjon av to hus innanfor husområde 1.....	.s. 17
<b>Figur 14</b> Strukturar tilhøyrande "lilla hus".....	.s. 19
<b>Figur 15</b> Strukturar tilhøyrande "turkis" hus.....	.s. 20
<b>Figur 16</b> Andre snitta stolpehol i husområde 1.....	.s. 21
<b>Figur 17</b> Snitt gjennom 2AI2362 mot SA.....	.s. 22
<b>Figur 18</b> Snitt av dei to kokegropen i tilknyting til husområde 1.....	.s. 22
<b>Figur 19</b> Snitt av 2AV1264.....	.s. 24
<b>Figur 20</b> Oversikt over strukturar i husområde 2.....	.s. 25
<b>Figur 21</b> Rekonstruksjonsforslag for husområde 2.....	.s. 28
<b>Figur 22</b> Husområde 2 fotografert med fotostang mot vest.....	.s. 28
<b>Figur 23</b> Snitta stolpar i nordlege rekke av takberande stolpar (sjå også neste figur).....	.s. 29
<b>Figur 24</b> Snitta stolpar i nordlege rekke av takberande stolpar (sjå også førre figur).....	.s. 30
<b>Figur 25</b> Snitta stolpar i sørlege rekke av takberande stolpar.....	.s. 31
<b>Figur 26</b> Snitta veggstolpar i tilknyting til hus 2.....	.s. 34
<b>Figur 27</b> Snitt av 2AS1687 og 2AS1691.....	.s. 36
<b>Figur 28</b> Eit utval av strukturar frå aktivitetsområdet lengst sør på utgravingsfeltet.....	.s. 38
<b>Figur 29</b> Profil med dyrkingslag.....	.s. 40
<b>Figur 30</b> Foto av dyrkingsprofil. Målestokk: 1 meter.....	.s. 41
<b>Figur 31</b> Oddfragmentet av skiferspiss slik denne vart funne framvaska midt i feltet.....	.s. 43
<b>Figur 32</b> Oversikt over kor funn er gjort på lokaliteten markert med undernummer for referanse til teksten...s.	.s. 44

## Tabellar:

<b>Tabell 1</b> Oversikt over daterte stolpehol tilknytta "lilla hus" og datering frå snitt 3 i grøfta 2AV1008.....	.s. 16
<b>Tabell 2</b> Stolpehol som inngår i "lilla hus". Takberande stolpar i kursiv.....	.s. 18
<b>Tabell 3</b> Daterte strukturar med tilknyting til husområde 2.....	.s. 26
<b>Tabell 4</b> Alle stolpehol tolka som takberande innanfor hus 2.....	.s. 33
<b>Tabell 5</b> Stolpehol tolka som veggstolpar hus 2.....	.s. 35

I mai og juni 2015 gjennomførte Universitetsmuseet i Bergen ei arkeologisk utgraving av Askeladden id. 122269 på gnr. 155 Sperre på Ellingsøya i Ålesund kommune (figur 1). Under utgravinga vart det påvist restar av to langhus med datering til førromersk jernalder. På det eine husområdet har det dessutan truleg stått ei bygning i eldre bronsealder. Det vart undersøkt dyrkingslag med dateringar til førromersk jernalder og folkevandringstid. I tillegg vart det undersøkt ein del andre strukturar som kokegropar og gropar. Ei kokegrop er datert til tidleg yngre bronsealder medan ei grop er datert til førromersk jernalder.

Det vart året etter gjort nok ei arkeologisk undersøking på nabotomta mot aust (Askeladden id. 214017). Her vart det påvist spor etter fire bygningar som fell nær saman i tid med dei frå undersøkinga i 2015. Samla sett har dette materialet stort potensiale for forståinga av gardsutviklinga i førromersk jernalder. Rapport frå undersøkinga av Askeladden id. 214017 vil verte utarbeida separat (Solli & Linge under arbeid).



**Figur 1** Oversiktskart over Sunnmøre med Sperre markert med blått punkt.

## 1. Bakgrunn

Bakgrunnen for utgravinga er reguleringsendring for Brødrene Sperre AS. Reguleringsplanen hadde som føremål å utvide verksemda mot nord til område under gnr. 153 og 155. I ein tidlegare reguleringsprosess var Askeladden id. 122269 blitt påvist under arkeologisk registrering (Haugene 2008). I brev datert 04.06.13 vart reguleringsplanen sendt til Riksantikvaren som søknad om dispensasjon frå kulturminnelova etter § 8.4. Samstundes tok Universitetsmuseet i mot kopi av planen for tilråding og utforming av prosjektplan og budsjett. 26.06.13 fatta Riksantikvaren vedtak om dispensasjon for lokaliteten, og sette som vilkår om at det først vart gjennomført ei arkeologisk utgraving av det automatisk freda kulturminnet. I brev datert 06.10.14 bad Møre og Romsdal fylkeskommune om at det vart

fatta endeleg vedtak om omfang og kostnad (jf. kml. § 10) for utgravinga. 16.01.15 gjorde Riksantikvaren vedtak etter § 10. Prosjektet sitt omfang i felt bestod av fire personar i inntil fire veker.

## 2. Andre funn og registrerte kulturminner i området

I Per Fett Førhistoriske minne på Vestlandet er det nemnt to automatisk freda kulturminne på Sperre (Fett 1950:28). Det eine dreier seg om ei røys på bnr. 4 like aust for naustet og heilt ned mot sjøen. Røysa var på det tidspunktet (40-talet) 5 meter i tverrmål og 1 meter høg, men noko utkasta. Der var ikkje kjent funn. Bnr. 4 er same teigen som vår utgraving gjekk føre seg på. Ut frå skildringa er det rimeleg å tru at røysa har lagt i strandsona rett nedanfor utgravingsfeltet, der det seinare er fylt ut og anlagt fabrikkområde (jf. figur 5). Det andre kulturminnet dreier seg om ei røys med tverrmål på minst 3 meter. Den låg også nær strandsona, men på bnr. 2 om lag 3-400 meter aust for utgravingsfeltet. Eit lausfunn var kjent på Sperre. Det dreier seg om ei øks frå yngre jarnalder (B 8753) som vart funne laust i jorda 50 meter opp for sistnemte røys.


Av interessante funn på gardar i nærliken skil eitt funn frå gnr. 151 Slotsvik, om lag 2 km vest for utgravingsfeltet, seg ut. Her vart det på 1920-talet funne ei støypeform i kleber til å støype bronsesverd. Støypeforma var laga slik at ein kunne støype to sverd av ulik lengde i den. Sverda vil vere av ein type grepsspissverd som var vanlege i bronsealderen sin periode V (900-700 f. Kr) (Shetelig 1936; Engedal 2010).

I områda rett aust for utgravingsområdet vart det gjort arkeologiske registreringar seinare på året i 2015 (Rantala 2015). Det vart her påvist tre automatisk freda kulturminne; Askeladden id. 214017, 214018 og 214019. Id. 214017 vart utgrave hausten 2016, og her vart mellom anna påvist fire bygningar med datering til førromersk jarnalder (Solli & Linge *under arbeid*). Det er om lag 30 meter frå utgravingsfeltet i 2015 til id. 214017 på bnr. 78. Det er sjakta i området mellom 2015-feltet og bytet mot bnr. 78, men det vart ikkje gjort funn i desse sjaktene (Haugene 2008).

Askeladden id. 214018 er ein dyrkingslagslokalitet utan nærmere tidfesting. På busetnadsaktivitetsområdet 214019 er det påvist 34 stolpehol, sju kokegropar, fire eldstader samt dyrkingslag. Det ligg berre føre datering av eit dyrkingslag; BC 345-320 / 205-85 / 75-55 (Beta-425058). I skrivande stund er både Askeladden id. 214017, 214018 og 214019 dispensert etter lov om kulturminne. Medan det ikkje vart knyttt vilkår om utgraving til id. 214018, vart 214017 utgraven i 2016 medan vedtak om utgravingskostnad (§10) enno ikkje er fatta for id. 214019.

### 3. Registreringa

Registreringa vart gjennomført av Møre og Romsdal fylkeskommune ved Heidi Haugene i perioden 18. – 29. august 2008 (Haugene 2008). Under registreringa vart det brukt gravemaskin og grave sjakter etter prinsippet om flateavdekking. Det vart påvist i alt 28 strukturar i to av sjaktene (jf. fig 3). Dei fleste strukturane vart tolka som stolpehol, tre som eldstadar og ein som mogleg grøft. Det vart datert kol frå ein struktur (stolpehol). Dette fekk dateringa 380-200 BC (kalibr.), som svarar til førromersk jarnalder.




**Figur 2** Askeladden id. 122269 og andre kulturminne i nærleiken. Kart frå askeladden.ra.no.

### 4. Topografi og landskap

Det aktuelle kulturminnet ligg på garden Sperre (gnr. 155), på sørsida av Ellingsøya i Ålesund kommune i Møre og Romsdal (figur 1, 2 og 4). Lokaliteten ligg i svakt skrånande dyrka mark, mellom 5 og 10 moh., ned mot Ellingsøyfjorden i sør. Områda rundt lokaliteten er utbygd med bustadfelt i nord, og mot sør bryt eksisterande fabrikkområde kontakten mellom lokaliteten og fjorden. Mot aust og vest er framleis ein del dyrka mark, men også delar av dette området er utbygd. Figur 5 viser eit flyfoto frå 1968 som gir eit inntrykk av korleis området var før dei store utbyggingane av fiskeforedlingsfabrikkane i strandkanten.

Ellingsøya strekker seg om lag 15 km i austleg retning frå Valderøyfjorden i vest. Mot sør ligg Ellingsøyfjorden mellom Ellingsøya og Nørvøy og Yksnøy (sentrum og forstadsområde i Ålesund). Mot nord går Grytafjorden mellom Ellingsøy og fastlandet i Haram kommune. Som

ferdslelinje knyt Ellingsøyfjorden den ytre Sunnmørskysten saman med Storfjorden og indre Sunnmøre gjennom Skodjevika og Solnørvika i botnen av fjorden.



**Figur 3** Planteikningar frå registreringsrapporten relatert til sjaktene.



**Figur 4** Sperre ligg om lag midt på sørsida av Ellingsøya.



**Figur 5** Flyfoto frå 1968 viser området med strandsone før den store utbygginga av fabrikk og kai på utfylt område. Dagens situasjon er lagt på som eit svakt gjennomsynleg lag. (kartgrunnlag: norgebilder.no)

## **5. Problemstilling og målsetting**

I prosjektplanen vart det teke utgangspunkt i at dei registrerte strukturane representerte spor etter hus frå førromersk jarnalder (Linge 2015a). Vår kjennskap til gardsanlegg frå denne perioden tyder på at desse bestod av relativt små gardshus som vart flytta rundt innanfor eit avgrensa område (t.d. Diinhoff 2005). I dei seinare åra har Universitetsmuseet grave ut og dokumentert slike gardsanlegg på Mo og Velle i Ørsta kommune (Diinhoff 2002, Østebø 2012) og Sjøholt i Ørskog kommune (Johannessen 2002). Eit viktig mål med utgravinga var å dokumentere gardsanlegget for vidare å kunne sette det inn i ein samanheng med andre dokumenterte gardsanlegg frå førromersk jarnalder.

Da utgravinga vart gjort var museet ukjent med funna på tilgrensande eigedom mot aust (Askeladden id. 214017, 214018 og 214019). Desse vart registrert først i august 2015 (Rantala 2015). I 2016 vart det gjeve dispensasjon for desse kulturminna i samband med reguleringsplan for Nils Sperre as. For id. 214017 og 214019 vart det gjeve dispensasjon med vilkår om utgraving, og utgraving av id. 214017 vart utført alt hausten 2016. Førebelse resultat her viser fire bygningar som tidsmessig høyrer saman med resultata frå utgravinga i 2015 (Solli & Linge *under arbeid*). Dette gjer resultata frå id. 122269 meir interessante da dei også inngår i ein større samanheng lokalt. Id. 214019 er på bakgrunn av registreringa eit relativt omfattande busetnadsområde, men det vart ikkje datert strukturar her så ein har så langt ingen sikre tidsmessige tilknytingar mellom denne og dei to andre lokalitetane.

## **6. Tidsrom og deltagarar**

Utgravinga vart gjennomført i perioden 26.05 – 19.06 2015. Deltakarar var Trond Eilev Linge (prosjektleiar), Lotte Carrasco (feltleiar med innmålingsansvar), Fredrik Solli og Helene Pettersen (feltassistentar). Gravemaskin vart ført av Reidar Stokke.

Etterarbeid og rapportskriving er i hovudsak gjort av Trond Eilev Linge, med einskilde bidrag ved Lotte Carrasco. Annette Overland ved Universitetsmuseet i Bergen har analysert botaniske prøver innsamla ved undersøkinga.

## **7. Formidling og media**

Det vart lagt ut ein kort orienteringsartikkel på nettstaden norark.no etter avslutta feltarbeid 24.06.15 (Linge 2015). NRK Møre og Romsdal laga ein nettartikkel om utgravinga 06.07.15 (Roaldseth 2015).

## **8. Metode og kjeldekritiske tilhøv**

Utgravinga vart gjennomført som ei maskinell flateavdekking. Matjordlaga ned til undergrunnen vart fjerna med gravemaskin. Undergrunnen vert deretter reinska manuelt fram med krafser slik at strukturar kjem fram som nedgravingar i undergrunnen.

Dei fleste strukturane vart fotodokumentert i plan og deretter snitta. Snittet til strukturane vart fotodokumentert og teikna. Når det gjaldt grøftene vart delar av desse formgravde. Dette vart gjort for å undersøke om det kunne vere stolpehol (veggstolpar) i botn av grøftene.

Strukturar, dyrkingsprofilar og feltavgrensing vart målt inn med totalstasjon og handsama vidare i Intrasis (intrasis nr. UM\_2015\_013) og ArcGis. Strukturar fekk fortløpende nummer etter tellesystemet til totalstasjonen. Ei komplett liste over innmålte strukturar er gjengitt i vedlegg 2. Liste over teikningar (snitt av strukturar og dyrkingsprofil) er oppgitt i vedlegg 5. Fotoliste er oppgitt i vedlegg 3. Eit utval av foto er også teke vare på i Musit-databasen under Bf10099. Funn er katalogisert av Trond Eilev Linge, og lagt inn i gjenstandsdatabase med museumsnummer B17748 (aksesjonsnummer 2015/76). Funna vert oppbevart ved Universitetsmuseet i Bergen. Utskrift av tilveksten er lagt ved som vedlegg 8.

Det er gjort fotodokumentasjon med fotostang med tanke på fotogrammetri. Det vart gjort tre seriar med fotogrammetrifoto som samla dekkjer heile feltet. Seriane er teke vare på i Musit-databasen under Bf10099.

Det er analysert 20 14C-prøver (ams-dateringar). Analysen er gjort av Beta Inc., Miami. Rapport frå Beta er lagt ved som vedlegg 7. I rapporten her er dateringsresultat oppgitt med ukalibrert (bp) datering og kalibrert (BC/AD) datering. Kalibrerte dateringar er alltid oppgitt med 2 sigma kalibrering. Analyserte prøver er treartsbestemt av Helge Høeg (jf. vedlegg 6) i forkant av 14C-analysen og dateringane er gjort på bjørk (betula).

Det er teke inn pollenbotaniske prøver i form av makrofossilprøver frå utvalgte strukturar dyrkingslag samt pollenprøver (rør) frå dyrkingslag. Eit utval av prøvene er analysert (jf. rapport ved Anette Overland, vedlegg 1). Resten av det botaniske prøvematerialet vert oppbevart ved pollenlaboratoriet ved museet.

## Kjeldekritikk

To tilfelle kan nemnast særskilt her. For det første var feltperioden prega av uvanleg därleg ver for årstida. Det var lengre periodar med sterkt vind, temperaturar godt under 10 grader og einskilddagar med mykje regn. Vêrtihøva har nok til ein viss grad ført til noko nedsett i progresjonen av feltarbeidet.

For det andre var grunnen i området, og da særleg i sørlege delen, prega av mykje stein. Dette gjorde framreinsking utfordrande. Det kan i dette området førekome einskilde dyrkingsrestar og steinopptrekk som feilaktig har vorte registrert som strukturar når desse ikkje har blitt snitta. Dette har likevel ikkje innverknad på hovudtendensane i utgravingsresultatet.

I etterpåklokskapen sitt lys ser vi også at eit større areal burde vore opna opp. Det vart lagt inn noko større ressursar til avdekking av feltet på nabolokaliteten id. 214017 i 2016 og brukta ei noko større maskin. Det vart her avdekka eit nær 3 gongar så stort areal ( $755,6\text{ m}^2$  mot  $2128\text{ m}^2$ ). Når ein ser dei funna som dukka opp på id. 214017 så kan ein kanskje stille spørsmål ved om id. 122269 kanskje har halde fram lenger mot aust enn vi har fanga opp. Her må det

likevel skytast inn at registreringa heller ikkje fanga opp funn i dette området, men erfaringsmessig vil ei avdekking av større areal også kunne fange opp funn som ikkje har blitt fanga opp av fylkeskommunen si registrering.

## 9. Framgangsmåtar og undersøkingsstrategiar

Av eit totalt areal i Askeladden på 1553 m<sup>2</sup> vart 755,6 m<sup>2</sup> gravd ut. Dette er under halvparten av det rekna omfanget av lokaliteten. Utgravinga dekka likevel dei to områda der fylkeskommunen hadde påvist funn, men kunne med fordel ha dekka eit større areal mot aust. Dette er gjort nærmere greie for under ”kjeldekritikk” ovanfor. Under utgravinga vart dei to områda med påviste hus gitt førsteprioritet. Dei fleste strukturane som tilhørde desse områda vart snitta. Dinest vart det prioritert å dokumentere ein representativ dyrkingslagsprofil. Området med andre strukturar slik som groper osb. Sør for husområde 2 vart gjeve lågare prioritet. Difor er ein mindre del av desse strukturane dokumentert nærmere og snitta enn elles på feltet.




**Figur 6** Foto av området sett mot sør før avdekking. Foto Helene Pettersen.



**Figur 7** Foto frå avslutninga av feltarbeidet. Biletet er teke med fotostang mot sør. Det arbeidast ved husområde 2 og området med groper sør for dette.

## 10. Resultat frå undersøkinga


Ved undersøkinga vart det opna eit 755,6 m<sup>2</sup> stort område. Det vart påvist i alt 152 strukturar, 124 stolpehol, seks veggrøfter, fire kokegropar, to eldstadar, 14 groper og to nedgravningar (figur 8). 33 strukturar vart målt inn, men seinare avskreve. Stolpehol og veggrøftene konsentrerer seg til to område som vi har valt å kalle høvesvis husområde 1 og 2. Det er vidare ein konsentrasjon av andre typar strukturar rett sør for husområde 2. Dei overdekande laga synte fleire stader spor etter fossile dyrkingslag. Det vart sett att ein liten profilvegg mellom husområde 1 og 2 der dyrkingslaga var på det mektigaste. Denne vart dokumentert og det vart teke ut dateringsprøver og botaniske prøver. I det følgjande vert først husområde 1 gjennomgått. Deretter husområde 2, før andre strukturar med vekt på området sør for husområde 2 vert skildra. Til sist vert resultata frå dyrkingsprofilen presentert.



**Figur 8** Oversikt over avdekka område med strukturar. Raudt: stolpehol. Oransje: veggrøfter. Grønt: eldstader. Blått: groper. Brunt: kokegropner.

## 10.1 Husområde 1

Husområde 1 ligg lengst nord på det avdekka området (figur 8). Det er eit svakt fall i terrenget her frå NNV mot SSA. Her er avdekka fleire veggrøfter og stolpehol som ser ut til å vere orientert omlag etter fallretninga i terrenget. Veggrøftene har noko ulik orientering, og dette indikerer at det kan vere snakk om at nye hus har vorte reist på staden med noko ulik orientering i hove til førre. Ei grøft til vassleidning går rett gjennom området og har truleg øydelagt fleire strukturar og vanskeleggjort forståinga av husa.




**Figur 9** Grøfter i tilknyting til husområde 1. Oransje: innmålt som veggrøft, gule: innmålt som grøft.

### 10.1.1 Grøfter og veggrøfter

Det vart påvist i alt seks grøfter eller veggrøfter i tilknyting til husområde 1 (figur 9). Den største grøfta er målt inn som AV1008. Snitting og datering viser at det er snakk om to grøfter; ei grøft frå eldre bronsealder er overskåre av ei grøft frå førromersk jarnalder. Vi har difor her kalla førstnemnte 1008a og sistnemte 1008b.

2AV1008b (figur 10) framstår som ei omlag 14,5 meter lang tilnærma rett grøft med retning NV-SA. Det er eit operom i grøfta på omlag 1 meter nær NV-enden. Breidda på grøfta varierer mellom 30 og 70 cm, men er oftast rundt 50 cm. Snitt 2 og 3 viser ei 10 -15 cm djup avrunda nedgraving. Frå snitt 3 foreligg det ei 14C-datering til 2210 +/-30 bp, kal BC 375-195 (vp 8, Beta-416316). Som vi seinare skal sjå kan dette dateringsresultatet samanliknast med dateringar av fleire stolpehol som ligg på rekke parallelt med 2AV1008b. Parallelt med 2AV1008b er tre mindre grøfter: 2AV1119, 2AV1132 og 2AD1415 som kan ha hatt funksjon knytt til veggjar for ei bygning. 2AV1008b skal da kanskje helst oppfattast som ei dreneringsgrøft som har leia vatn forbi bygningen.




**Figur 10** Tre snitt gjennom struktur 2AV1008.

2AV1008a framstår som ei avrunda omlag 5, 5 meter lang grøft. Breidda er mellom 50 og 60 cm og djupna 20-25 cm. Snitt 2 (jf. figur 10) syner kontrasten mellom 1008 a og b.


Nedgravninga til 1008a er djupare og er tydeleg skråstilt. Dette syner att i snitt 1. Her er det teke ut ei 14C prøve som er datert til  $2990 \pm 30$  bp, kal. BC 1365-1360 / 1290-1120 (vp 13, Beta-416319).

2AV 1008a representerer eit eldre innslag på lokaliteten, truleg frå siste del av eldre bronsealder. Det er ingen andre strukturar i tilknyting til husområde 1 som har tilsvarande datering, men kokegropa 2AK600 åtte meter mot aust har ei datering som svarar til tidleg yngre bronsealder (2810  $\pm 30$  bp, kal. BC 1020-900 (vp 20, Beta-416321)). Truleg er mykje av spora elles frå eldre bronsealder øydelagt av seinare aktivitet, først ved bygninga frå førromersk jarnalder og seinare ved den moderne vassgrøfta som er lagt over husområde 1. Det er difor ikkje mogleg å fastslå nærmere kva anlegg 2AV1008a er ein del av. Det kan dreie seg om ei grøft til eit regulært treskipa hus, men det kan også tenkjast ein form for hytteliknande konstruksjon med parallellear i materiale frå Fremre Øygarden i Lærdal k. (Diinhoff 2006) og i Sjøholt, Ørskog k. (Johannessen 2002).

2AV968 (figur 11) ligg nordvest i husområde 1. Det er ei avrunda grøft, i alt ca 6 meter lang. Grøfta er avskore av den moderne vassgrøfta i aust slik at den her er fysisk skilt frå 2AV1008. Grøfta sin form og plassering gjer det sannsynleg å rekne den som ei grøft i tilknyting til kortveggen på eit langhus. Det vart grave eit snitt gjennom grøfta i den vestlege delen. Snittet viser ei noko uregelmessig nedgravning med djupn på opp til 20 cm. Ei 14C-prøve vart teke ut frå profilen i snittet og gav resultatet  $2340 \pm 30$  bp, kal. BC 410-380 (vp 2, Beta-416313).



**Figur 11** Snitt gjennom 2AV968 og 2AV930. NB! Merk dei ulike målestokkane.



**Figur 12** Oversikt over husområde 1. Raudt: stolpehol, oransje: veggrøft, gult: grøft, brunt: kokegropes, grønt: eldstad, blått: grop.

2AV930 ligg sørvest i husområde 1. Det er ei ca 11,3 meter lang tilnærma rett grøft med retning NV-SA. Breidda er mellom 50 og 80 cm. Snittet viser ei bua nedgraving, omlag 20 cm djup. Ei 14C-prøve frå massen gav dateringa 2330 +/-30 bp, kal. 410-375 (vp 1, Beta-416313). Det er ingen openberre rekker med stolpehol som ser ut til å vere knytt til grøfta. Såleis er det godt mogleg at grøfta har hatt ein annan funksjon enn veggrøft. Det er ved ein del utgravingar av hus frå førromersk jarnalder funne indikasjonar på at gardsanlegg har vore hegna inn (Diinhoff 1999, 2005; Grønnesby 1999). Grøfta kan også representere restar av ei slik innhegning.

2AD2575 ligg i området mellom husområde 1 og 2. Den har ingen klare tilknytingar til andre strukturar, og vart difor ikkje prioritert å arbeide vidare med.

#### 10.1.2 Stolpehol

Det vart påvist i alt 37 stolpehol i tilknyting til husområde 1. Fleire av stolpeholene kan knytast saman gjennom interne relasjonar og 14C-dateringar, men samstundes er området særskadd og mykje informasjon, særleg knytt til den eine rekka med takberande stolpar, er forsvunne. Figur 12 syner alle stolpeholene knytt til husområde 1 markert med raudt. Figur 14, 15 og 16 syner snitt av undersøkte stolpehol i området. I figur 13 er det forsøkt å skille ut spor etter konkrete husanlegg i området. Vi meiner stolpehol gir grunnlag for å i alle fall rekonstruere delar av to bygningar og dette er gjort ved å bruke fargekodane lilla og turkis på kartet figur 13.


”Lilla hus” er det best underbygde av husa i området. Det består av ei rekke med dei takberande stolpane 2AS652, 2AS714, 2AS742 og 2AS809, mogleg også 2AS784. Dei fem strukturane ligg på rekke. Tre av dei (714, 742 og 784) er datert og har overlappande dateringar (jf. tabell 1). Dateringane er dessutan i samsvar med dateringa av 1008b som går i same retning som stolperekka. Motsvarande rekke av takberande stolpar er rimelegvis sterkt forstyrra av den moderne grøfta som er grave gjennom her, men to strukturane 2AS635 og 2AS2541 er truleg frå denne rekka. 2AS635 er dessutan datert og har ei datering som høver til denne teorien (jf. tabell 2). Forslagsvis meiner vi at stolpeholene 816, 802, 627, 2565 og 851 kan ha inngått i denne konstruksjonen som veggstolpar. Retninga og plasseringa til dei to mindre grøftene 2AV1119 og 2AV1132 tyder også på at dei kan ha inngått som ein del av veggen til bygninga.

”Lilla hus” framstår slik som eit treskipa langhus anlagt i retning NV-SA. Breidda mellom takberande stolpar har vore omlag 1,6 meter. Breidda frå takberande stolpar til vegg har vore omlag 1,5 meter i sørvest og 1,8 meter mot nordaust. Samla breidde på huset vert slik omlag 5 meter. Huset er vidare bevart i ei lengde på omlag 9 meter, men manglar klare avgrensingar i lengderetningane, særleg mot søraust. Her vert undergrunnen tiltakande fuktig og området var vanskeleg å jobbe i. Den omtalte moderne grøfta vil dessutan ha gått over eventuelle takberande stolpar her. Tek ein utgangspunkt i at grøfta 2AV1008b var ei dreneringsgrøft som var meint å leie vatn forbi den nordaustlege langveggen, har lengda på huset vore maksimalt

13 meter. Ut frå desse premissa har vi altså med eit treskipa langhus med ei breidde på omlag 5 meter og ei lengd på mellom 9 og 13 meter. Dateringa av huset ser ut til å ligge mellom andre halvdel av 300-talet BC og rundt 200 BC, altså omlag midt i førromersk jarnalder.

VP nr.	Strukturnr.	Tolkning	Ukal bp	Kalibr. 1 sigma	Kalibr. 2 sigma	Beta-nr.
5	2AS635	Stolpehol	2170 +/- 30 bp	BC 350-305 / 210-180	BC 355-275 / 255-165 / 125-120	436315
8	2AV1008(b)	Dreneringsgrøft	2210 +/- 30 bp	BC 360-340 / 325-205	BC 375-195	436316
9	2AS714	Stolpehol	2180 +/- 30 bp	BC 350-295 / 230-220 / 210-195	BC 360-170	436317
11	2AS742	Stolpehol	2170 +/- 30 bp	BC 350-305 / 210-180	BC 355-275 / 255-165 / 125-120	436318
14	2AS784	Stolpehol	2130 +/- 30 bp	BC 200-155 / 135-115	BC 345-320 / 205-85 / 75-55	436320

**Tabell 1** Oversikt over daterte stolpehol tilknytta ”lilla hus” og datering frå snitt 3 i grøfta 2AV1008




**Figur 13** Forslag til rekonstruksjon av to hus innanfor husområde 1. Lilla stolpehol synast å kunne knytast til eit hus der 1008b kan ha fungert som ei dreneringsgrøft på utsida av nordaustlege langvegg. Fire stolpar (652, 714, 742 og 809) er bevart i den sørvestlege rekka av takberande stolpar. Berre to er bevart i den andre rekka (2541 og 635). Dei manglante stolpane i denne rekka kan vere øydelagt av moderne inngrep. Dei turkisblå stolpane utgjer ei mogleg rekke frå ein annan hussituasjon i området (udatert).

Intra sis Id	Subcla ss	Sni ttet	Fyllets farge	Fyllmat eriale	Bun n i prof il	Sid er i pro fil	Form i flate	Sid e i pro fil ven stre	Sid e i pr ofil hø yre	Bre dde	Diameter/ Lengde	Dy bde
627	Stolpe hull	Yes	mørk grå	humus   kull   sand   stein	skrå		rund	skrå	skr å		25	9
635	<i>Stolpeh ull</i>	Yes	mørkt	<i>humus  </i> <i>kull  </i> <i>sand</i>	<i>spiss</i>		<i>oval</i>	<i>rett</i>	<i>uje vn</i>	36	42	20
652	<i>Stolpeh ull</i>	Yes		<i>grus  </i> <i>humus  </i> <i>kull  </i> <i>leire  </i> <i>stein</i>	<i>flat</i>		<i>rund</i>	<i>skrå</i>	<i>bue et</i>		45	20
714	<i>Stolpeh ull</i>	Yes	mørk	<i>humus  </i> <i>sand  </i> <i>stein  </i> <i>kull</i>	<i>rund</i>		<i>rund</i>	<i>buet</i>	<i>uje vn</i>		35	22
742	<i>Stolpeh ull</i>	Yes	<i>mørk brun til svart</i>	<i>grus  </i> <i>humus  </i> <i>kull  </i> <i>stein</i>	<i>spiss</i>		<i>oval</i>	<i>rett</i>	<i>skr å</i>	25	30	21
784	<i>Stolpeh ull</i>	Yes		<i>humus  </i> <i>silt</i>	<i>flat</i>		<i>oval</i>	<i>skrå</i>	<i>rett</i>	29	42	
802	Stolpe hull	Yes		humus   torv	avru ndet	uje vne	rund				29	11
809	Stolpe hull	Yes			flat		oval	skrå	bue et	29	44	10
816	Stolpe hull	Yes									40	18
851	Stolpe hull	Yes		grus   humus   kull	avru ndet	bue te	oval	buet	bue et	29	40	7
2541	<i>Stolpeh ull</i>	Yes	<i>mørk brun</i>	<i>grus  </i> <i>humus  </i> <i>kull  </i> <i>sand</i>	<i>flat</i>		<i>oval</i>	<i>buet</i>	<i>bue et</i>	27	33	16
2565	Stolpe hull	No										

**Tabell 2** Stolpehol som inngår i ”lilla hus”. Takberande stolpar i kursiv.

2AS816




1. Mørk humushaldig sand og grus med kol.  
2. Lys brun sand og grus

2AS802




1. Mørk noko torvig humushaldig sand og grus med kol.  
2. Lys brun sand og grus

2AS635



1. Mørk humushaldig sand og grus med kol  
2. Lys brun sand  
3. Lys finkorna sand

2AS652




1. Mørk grå humushaldig sand og grus.  
Noko småstein. Kolbitar.  
2. Gråbrun grov sand og grus

2AS74



1. Mørk humushaldig sand med kol  
2. Lys brun sand og grus

2AS809




1. Mørk humushaldig sand og grus med kol. Ein stor Stein.  
2. Lys brun grov sand og grus. Mykke Stein

2AS714




1. Mørk humushaldig sand og grus med kol  
2 Lys brun sand

2AS851




1. Mørk humushaldig sand og grus med kol  
2. Lys brun sand og grus og stein.

2AS627




1. Mørk grå humushaldig sand og småstein.  
Kol.  
2. Gråbrun grov sand og grus

2AS2541




1. Mørk brun humushaldig sand og grus. Litt kol.  
2. Brun torvig humushaldig sand og grus. Skil seg  
frå lag 1 gjennom meir torvig konsistens/ mindre  
minerogene innslag. Moderne grøft.  
3. Gyldenbrun sand og grus.

2AS742



1. Mørk brun humushaldig sand, grus og småstein  
med mykke kol  
2. Lys brun grov sand og grus (minnar om undergrunns-  
massen)  
3. Lys brun grov sand og grus og mykke stein.


**Figur 14** Strukturar tilhøyrande "lilla hus"



**Figur 15** Strukturar tilhøyrande ”turkis” hus.

”Turkis hus”. Meir eller mindre parallelt med den sørvestlege rekka med takberande stolpar i det lilla huset, går ei anna stolperekke som på kartet figur 13 er markert med turkis farge. I rekka er det seks stolpehol; 2AS645, 2AS660, 2AS734, 2AS778, 2AS794 og 2AS1390 (figur 15). Stolperekka framstår som svakt bogande. Ingen av desse stolpeholene er daterte. Det er heller ikkje mange gode kandidatar til ei parallelle rekke av takberande stolpar, bortsett frå kanskje 2AS2558 i høve til 2AS645. Problemet knytt til det moderne innngrepet med vassgrøfta gjer seg gjeldane her også. Det ”turkise huset” er såleis bevart som ei omlag 7 meter lang stolperekke frå eit hus som har hatt omlag lik orientering med det ”lilla huset”. Sidan det ikkje er analysert 14C-prøver frå huset er det vanskeleg å seie noko nærrare om datering osb. Vi merkar oss likevel at huset har hatt tilnærma lik orientering med det ”lilla huset” så ei nær kopling i tid er ikkje umogleg. Det kan også vere snakk om at lilla og turkis hus i realitetten er justeringar eller reparasjonar gjort innanfor det same huset i løpet av

levetida til det. Grøfta 2AV1008b kan likeeins også ha spela ei rolle i høve til det ”turkise” huset.




**Figur 16** Andre snitta stolpehol i husområde 1.

#### 10.1.3 Andre strukturar i tilknyting til husområde 1

Det skal kort nemnast nokre andre strukturar som vart påvist i tilknyting til husområde 1.

2AI2362 framstod som eit tilnærma reint kollag som var overskåre av den moderne vanngrøfta, og sterkt skadd av denne (figur 17). Det var antyding til steinsetting i plan. I felt vart dette vurdert som ein eldstad eller grue med mogleg tilknyting til eit hus. Kol frå strukturen er datert til  $2110 \pm 30$  bp, kal. BC 200-45 (Beta 416321). Dateringa viser at strukturen truleg er noko yngre enn dei daterte stolpeholene så det er vanskeleg å etablere ei slik kopling. Det er rett nok ei viss overlapping med dateringane frå stolpeholene, men berre innanfor det yngste spennet i avviket til stolpeholene i 2 sigma kalibrering.

2AI2362




1. Tilnærma reint kollag. Litt sand og grus.
2. Brun torvig humushaldig sand og grus; fyllmasse til moderne vanngrøft
3. Gyldenbrun grov sand og grus.

VP24: 2110 +/- 30 bp, kalibr. BC 200-45

**Figur 17** Snitt gjennom 2AI2362 mot SA.

Det vart påvist to kokegrop i tilknyting til dette området: 2AK600 og 2AK875. Snippet av kokegropene synast på figur 18. Frå kokegropa 2AK600 føreligg det også ei 14C-datering (VP20, Betanr. 416321). Denne gav resultatet 2830 +/- 30 bp (kalibr. BC 1020-900), altså forhaldsvis tidleg i yngre bronsealder. Dateringa viser igjen til bronsealderaktivitet i området, sjølv om det ikkje er direkte overlapping med dateringa frå 2AV1008a.

2AK875



1. Mørk humushaldig sand og grus med mykje kol. Skjørbrent stein.
2. Grov sand og grus.

2AK600



1. Kollag med mykje skjørbrent stein
2. Grav sand, stein og grus (undergrunn)

VP20 (lag 1): 2830 +/- 30 bp, kalibr. BC 1020 - 900

**Figur 18** Snitt av dei to kokegropen i tilknyting til husområde 1.

#### 10.1.4 Pollenbotaniske analyser frå to stolpehol

Det vart analysert to makroprøver frå stolpeholene 2AS635 og 2AS742 frå hus 1 ("lilla hus") (VP6 og 12). Prøvene inneholdt indikatorar for både dyrking og grasmark (jf. Overland 2016:10, vedlegg 1). Samanlikna med makroprøvene frå hus 2 (sjå seinare) var innhaldet litt ulikt. Det kan antyde ulik bruk av hus 1 og 2. Dette vert nærmere diskutert i samband med hus 2.

#### 10.1.5 Oppsummering husområde 1

Husområdet er dominert av stolpehol og grøfter med innslag av andre strukturar. Området er sterkt skadd av eit moderne inngrep i form av ei vassleidning som er grave gjennom den delen av området som truleg har hatt størst frekvens av strukturar. Likevel syner undersøkinga at aktiviteten her går tilbake til slutten av eldre bronsealder i form av (vegg)grøfta 2AV1008a. Det er mogleg at grøfta representerer ein form for husstruktur, men dette kan ikkje avgjerast sikkert. Frå tidleg yngre bronsealder er ei kokegrop lengst aust i området.

Best bevart av anlegga som har stått her er spora etter huset vi her har omtala som "det lilla huset". Dette har vore eit treskipa hus med ei lengde på mellom 9 og 13 meter og ei breidd på omlag 5 meter. Det er bevart seks (eventuelt sju) takberande stolpar og fire-fem veggstolpar. Dessutan ser delar av eine veggen ut til å vere bevart gjennom veggrøfter / veggriller (2AV1119, 2AV1132 og 2AD1415). Bygninga ser ut til å ha eit samband til grøfta 2AV1008b, som her tolkast som ei grøft anlagt for å drenere vekk vatn frå huset. Det er godt samanfall mellom daterte stolpehol og datering frå 2AV1008b, men forholdsvis store standardavvik. Dateringa ser likevel ut til å kunne plasserast mellom ca BC 350 og 200, altså midten av førromersk jarnalder.


Det er også spor av ei det som anten er ei annan bygning eller reperasjon/endring av allereie omtale bygning i form av ei stolperekke omtala under "det turkise huset". Det er ikkje analysert 14C-prøver frå nokon av desse stolpeholene. Ein eldstad, 2AI2362, i same område er truleg noko yngre enn "det lilla huset"; ut frå dateringa frå mellom BC 200 og 45. Den kan såleis ikkje knytast sikkert til noko bygning. Datering frå dei to grøftene 2AV930 og 2AV968 ligg i overgangen mellom 400 og 300-talet BC. Desse dateringane hamnar noko tidlegare enn dateringane av strukturar som er tolka inn i det "lilla huset". Det er ikkje etablert nokon klar samanheng mellom grøftene og andre strukturar.

## 10.2 Husområde 2


Husområde 2 ligg omlag 20 meter SSV for husområde 1. Her er avdekka ei grøft og fleire stolpehol. Også her er det eit svakt fall i terrenget frå NNV mot SSA. Grøfta og dei fleste stolpeholene synast å kunne knytast til eit eller fleire hus som har vore orientert på tvers av terrenget si fallretning; altså orientert VSV – ANA. Mot vest er husanlegget avskore av vegen som går ned til produksjonslokala til Brødrene Sperre, og anlegget er difor ikkje bevart i si fulle lengde. Rett over stolpeholene, og meir eller mindre i same retning som stolpeholene er det grave ei dreneringsgrøft i moderne tid.

### 10.2.1 Grøft

Det er påvist og undersøkt ei grøft i tilknyting til husområde 2. Grøfta er målt inn som 2AV1264, men har mest sannsynleg hatt funksjon som ei dreneringsgrøft som har hindra vatn i å sige inn i huset frå nord. Grøfta er undersøkt gjennom snitting. Snittet er her attgjeve som figur 19. Frå snittet er det teke ut ei 14C-prøve (VP25) som ikkje er analysert. Det vart imidlertid grave nok eit snitt omlag 2 meter lenger vest i grøfta. Diverre er ikkje dette dokumentert i teikning, men 14C-prøva herfrå (VP26) er analysert. VP26 gav resultatet 2380 +/- 30 bp, kalibrert BC 410-375 (Beta-nr. 416323). Delar av grøfta vart formgrave utan at det vart observert nedgravningar under massane til grøfta.



**Figur 19** Snitt av 2AV1264



**Figur 20** Oversikt over strukturar i husområde 2.

## 10.2.2 Stolpehol

Det er påvist 73 stolpehol i tilknyting til husområde 2. Dei fleste ligg i området sør for grøfta 2AV1264 og høyrer tydeleg til eit (eventuelt fleire) treskipa langhus som har stått her. Det er også ein del stolpehol lenger sør på feltet samt i området nordaust for grøfta. Fleire av desse er solide og har truleg tilhøyrt huskonstruksjonar, men desse er ikkje lett å rekonstruere. I det følgjande vert først stolpeholene som kan koplast til huset /-a tilknytt grøfta presentert og diskutert. Deretter vert eit utval av andre stolpehol i området presentert.

VP -nr	Intrasis id struktur	Tolkning	Kontekst	Ukal bp	1 sigma (68 %)	2 sigma (95%)	Beta-nr.
26	AV1264	Grøft, snitt 2	Hus 2	2330 +/- 30 bp	BC 400 – 390	BC 410 – 375	416323
27	AS2643	Stolpehull (tak)	Hus 2	2210 +/- 30 bp	BC 360 – 340, 325 – 205	BC 375 – 195	416324
28	AS2650	Stolpehull (tak)	Hus 2	2280 +/- 30 bp	BC 395 – 360	BC 400 – 355, 285 – 230	416325
30	AS1721	Stolpehull (tak)	Hus 2	2370 +/- 30 bp	BC 410 – 400	BC 510 – 395	416326
38	AS1444	Stolpehull (vegg)	Hus 2	2370 +/- 30 bp	BC 410 – 400	BC 510 – 395	416327
41	AS1854	Stolpehull (vegg)	Hus 2	2390 +/- 30 bp	BC 480 - 400	BC 540 – 395	416328

**Tabell 3** Daterte strukturar med tilknyting til husområde 2.

Dei takberande stolpeholene kjem tydlegast fram i den nordlege rekka (figur 20). Her ser ein ei rekke stolpehol mellom 2AS2663 i vest og 2AS1479 i aust. Her ligg stolpeholene tett og i minst to rekker. Dette tyder anten på at det har vore fleire husfasar her, eller at det er gjort reparasjonar eller justeringar på eit hus.

Sør for denne rekka er eit knapt 2 meter breitt område før ei ny stolperekke, frå 2AS1741 i vest til 2AS1871 i aust. Desse utgjer den sørlege rekka av takberande stolpar. Ei moderne grøft er grave gjennom dette området, og har truleg fjerna fleire stolpehol. Det gjer det også vanskeleg å seie om ein har hatt ein tilsvarende situasjon med tettliggande stolpehol her som i den nordlege takberande rekka, men situasjonen tilseier at dette er truleg.

Forholdet med den moderne grøfta gjer det diverre vanskeleg å samanlikne nordlege og sørlege rekke i detalj slik at ein til dømes kunne skilje ut ulike fasar i bygningen. I staden må ein nøye seg med eit generelt bilet av konstruksjonen med utgangspunkt i desse to rekkene med takberande stolpar.


Når det gjeld veggstolpar så er desse relativt klare når det gjeld nordveggen. Rekka med stolpar frå 2AS2669 i vest til 2AS1444 i aust følgjer den generelle retninga til grøfta 2AV1264 og den nordlege rekka med takberande stolpar, og bøyar lett av i vest (mellan 2AS1544 og 2AS1444) der også grøfta bøyar av. Desse stolpeholene er også klart grunnare enn dei fleste takberande stolpane. Det er truleg at den austlege avslutninga/kortveggen er ein stad her, men det går ikkje å fastslå dette nøyaktig.

